



Nord-Fron  
KOMMUNE

Årsrapport  
**iFRON**  
2018





Admiral P på scena under Byfesten 2018.



Drilljenter på Byfesten.



Kulturkvelden 2018 med Mukampen spelmannslag og Mari Midtli.



Folk koser seg.





Stor huske var populært på Byfesten.



Mads Hansen på Byfestscena.



Sinsenfist på Byfesten.

# Innhald

## ÅRSRAPPORT

- 6 Årsberetning
- 16 Rådmannsleiing
- 17 Stab
- 18 Teknisk drift
- 20 Areal og næring
- 22 Skole
- 26 Barnehage
- 28 Kultur
- 30 Forebyggjande helsetenester
- 31 Heimetenester
- 32 Institusjonsomsorg
- 33 Tenester for funksjonshemma
- 34 VEDLEGG: Statistikk og oversikter frå stab og VO
- 40 Kostra-tal
- 42 VEDLEGG: Økonomiske tabellar og nøkkeltall mm.
- 50 Politisk organisering
- 51 Organisasjonskart



**ANSVARLEG UTGJEVAR**  
Nord-Fron kommune

**EKSTERN BISTAND**  
Design: Krible design as

iFron er Nord-Fron kommune sin årsrapport. Årsberetninga skal til behandling i kommunestyret.

## ADMINISTRASJONSSJEFEN SI VURDERING AV 2018

Årsrapporten blir laga for kommunestyret sin gjennomgang av året som er avslutta. Administrasjonssjefen vurderer rekneskap og aktivitet siste året med utgangspunkt i budsjett, andre politiske dokument og vedtak som er gjort i 2018. Kommunestyret skal gjere vedtak knytt til – årsberetning, kapittel 2, etter planen i møte 14. mai 2019.

Meldinga blir lagt ut på kommunen si heimeside [www.nord-fron.kommune.no](http://www.nord-fron.kommune.no). Det er intensjon at folkevalde, brukarar og innbyggjarar (kommunens eigne og eigarar av fritidsbustader) skal sjå omfanget av kommunale tenester og tenester som kommunen bidrar til har i Nord-Fron. Kommunen er den største arbeidsgivaren i Midt-Gudbrandsdal, og både nivå og kvalitet på tenester (produsert av kommunen eller av private etter avtale med kommunen) har stor innverknad for lokalsamfunnet.

Administrasjonssjefen er ansvarleg for innhaldet, og verksemdsleiarar, personell i stab og kommunalsjefar har utarbeidd delar av meldinga

### Planlegging / tilrettelegging / regionalt arbeid

Kommunestyret vedtok 19. juni 2018, sak 57/18, ny arealdel til kommuneplan for perioden 2018–29. Her er det lagt til rette for utvikling av nye utbyggingsareal, der grunneigarar skal ha moglegheit for realisering av formål knytt til areal som kommunen har gjort vedtak på. Det er gitt høveleg frist for å starte prosess som skal vise at det er reell interesse for utvikling.

Kommunen er også i 2018 vurdert som interessant stad å starte ny verksemd. Det viser at det fokus som har vore på næringsarbeid over tid blir lagt merke til. Kommunane i regionen fikk slutført arbeid med å realisere 3 stk. nye interkommunale ordningar i 2018. Frå 1.1.19 er det etablert felles flyktning adm., felles barnevern og felles NAV kontor i Midtdalen.

### Kommunal økonomi, tenestetilbod og handlefridom

Rekneskapa for 2018 vart avslutta med eit netto driftsresultat på minus 1,6 % (budsjett minus 2,1 %). Resultatet er ikkje overraskande ut i frå at kommunen dei siste åra har sterk nedgang i eigedomsskatt frå kraftverk. Den reduserte handlefridomen er også hovudårsak til at kommunen har starta eit omfattande omstillings- / endringsarbeid. Arbeidet vart intensivert frå 2. halvår 18, og det er budsjettert med konkrete mål på endringa fom. 2019. Kommunestyret har vedtatt å ha ein ungdomsskole frå 1. august 2019 ved at ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst blir flytta / lagt ned frå same dato.

Nærare detaljar knytt til økonomi går fram av eige kap. Vi nyttar KOSTRA data frå samanliknbare kommunar, der SSB nå har gjort endringar som gjør samanlikning over år vanskelegare, t.d. innafor administrative kostnader. Vi har tenesteområde som har utfordringar med å halde seg innafor budsjettert ramme, sjå eigne kap. for dei ulike områda.



## Lokalsamfunn og næringsliv

Folketalet per 31. desember 2018 (5.742) viser ein liten vekst på 14 personar frå førre år. Det er positive tal for Nord-Fron siste to år, mens utviklinga for kommunane i Gudbrandsdalen er i sum negativ.

Utvikling i folketal for kommunar som er lågare enn landsgjennomsnittet påverkar overføringane frå staten. Om og korleis statlege planar og reformer påverkar kommunane (positivt eller negativt) er det ulike syn på, og staten ønskjer ein kommunesektor med auka krav til effektivitet. Det er truleg at staten vil halde fram med å føre ein politikk som har som mål å få til endring i kommunestrukturen.

## Arbeidsmiljø – kompetanse – teknologi

Tal for sjukefråver viser høge tal for Nord-Fron som kommunal verksemd. Vi har eit fråver på 9,2 %, som er det høgste på mange år. Høgt fråver er ikkje bra for den enkelte medarbeidar, og det har negative konsekvensar for kvalitet på tenesteleveransen.

Vi har starta eit arbeid med fokus på bruk av ny teknologi / meir digitalisering innafor kommunen. Det er eit prosjektarbeid som skal halde fram, og som gradvis blir implementert som naturleg del / ordinær drift i heile organisasjonen. Det er viktig å få fram at det ikkje skal kome som erstatning for menneskelege ressursar, men vil gi gode bidrag i omstillings / endringsarbeid framover.

## Konklusjon

Nord-Fron har i 2018 levert eit årsresultat som ikkje er svakare enn budsjettert. Men dersom vi ikkje klarer å endre aktivitetsnivå innafor aktuelle tenesteområde vil kommunen framover tære på reservane. Handlefridomen er framleis tilstades, men er ikkje slik han har vore og som han bør vere.

Det blir utført mykje godt arbeid på ulike arbeidsplassar. Det blir stilt store krav til ansatte, og mange leiarar har krevjande oppgåver. Medarbeidaroppfølging tar mykje tid, og kan resultere i at utvikling av tenestene ikkje får tilstrekkeleg fokus.

Sjølv med omstilling/endringsarbeid skal målet vere å levere tenester som innbyggjarar, brukarar og folkevalte framleis skal vere fornøgde med. Det blir krevjande når ikkje kvalitet automatisk lengre skal målast opp i mot kor store økonomiske ressursar kommunen kan nytte på ulike tenester framover.



ADMINISTRASJONSSJEF  
Arne Sandbu

Vinstra, 29. mars 2019



# Årsberetning

## INNLEIING

I tråd med kommuneloven §48 nr. 5 og rekneskapsforskriften §10 skal alle kommunar utarbeide årsberetning. Kommunal rekneskapsstandard nr. 6 – Noter og årsberetning gir informasjon om forhold som bør kommenterast i ei årsberetning. Årsberetning skal utarbeidast av administrasjonssjefen seinast 31. mars, og årsrekneskap og årsberetning skal vedtas av kommunestyret før 1. juli. Det er lagt opp til at årsberetning skal vedtas av kommunestyret på møte 14. mai 2019.

## ØKONOMISKE FORHOLD

### Balanserekneskapen

Tabellen viser samansetninga av balanserekneskapen for 2018 og 2017. Tal i millionar kroner:

EIGEDELAR	R-18	R-17	EIGENKAPITAL OG GJELD	R-18	R-17
Anleggsmidlar	1.635	1.562	Eigenkapital	633	612
Omløpsmidlar	280	276	Langsiktig gjeld	1.198	1.158
			Kortsiktig gjeld	84	68
<b>SUM:</b>	<b>1.915</b>	<b>1.838</b>	<b>SUM:</b>	<b>1.915</b>	<b>1.838</b>

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen (AK) er lik omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. I 2018 har omløpsmidlar auka med fire millionar kroner til 280 millionar kroner. I same periode er kortsiktig gjeld auka med 16 millionar kroner, slik at AK er svekka med elleve millionar kroner. Kommunen har likevel tilfredsstillande likviditet med ein arbeidskapital på 196 millionar kroner per 31. desember 2018 (208 millionar kroner i 2017). Det utgjør 34,3 prosent av driftsinntektene (37,3 prosent i 2017 og 33,6 prosent i 2016).

Arbeidskapitalen sin driftsdel er definert som AK minus ubrukte lånemidlar, investeringsfond og bunde driftsfond. Dette talet er 56,6 millionar kroner per 31. desember 2018 (59,0 millionar kroner i 2017). Det utgjør 9,9 prosent av driftsinntektene (10,6 prosent i 2017).

### Tabellen under syner utviklinga i driftsdelen av arbeidskapitalen (tal i tusen):

	2015	2016	2017	2018
Arbeidskapital	174.904	183.456	207.346	196.260
- ubrukte lånemidlar	86.457	74.192	31.262	29.221
- investeringsfond	5.780	7.508	77.689	79.664
- bundne driftsfond	49.191	48.261	39.412	30.743
<b>ARBEIDSKAPITALENS DRIFTSDEL (driftslikvider)</b>	<b>33.476</b>	<b>53.496</b>	<b>58.983</b>	<b>56.632</b>

Dersom ein berre korrigerer for ubrukte lånemidlar utgjør arbeidskapitalen 29,2 prosent av driftsinntektene (31,7 prosent i 2017).

I investeringsfond inngår 66 millionar kroner i motteke tilskott frå Husbanken knytt til utbygging på Sundheim. Dette vart avsett til ubunde investeringsfond i 2017, slik at det skulle inngå

i finansiering av ulike investeringar i 2018. Som følge av mindre investeringskostnader enn opprinneleg budsjettert vart tilskottet ikkje brukt i 2018, og det vil i staden gå til å delfinansiere prosjekt som er vidareført frå 2018 til 2019, jf. KS-sak 103/18.

### Arbeidskapitalens driftsdel korrigerert for premieavvik (tal i tusen):

	2016	2017	2018
Arbeidskapital korrigerert for premieavvik	181.731	203.764	189.057
- ubrukte lånemidlar	74.192	31.262	29.221
- investeringsfond	7.508	77.689	79.664
- bundne driftsfond	48.261	39.412	30.743
<b>ARBEIDSKAPITALENS DRIFTSDEL (driftslikvider) KORRIGERT FOR PREMIEAVVIK</b>	<b>51.770</b>	<b>55.401</b>	<b>49.429</b>

Premieavviket inngår i arbeidskapitalen. Korrigerert for premieavviket er arbeidskapitalen i 2018 på 189,1 millionar kroner. Tilsvarende tal for 2017 (arbeidskapital korrigerert for premieavvik) er 203,8 millionar kroner. Korrigerert for premieavviket viser arbeidskapitalens driftsdel ei negativ utvikling frå 2017 til 2018, gjennom at denne er svekka med seks millionar kroner (frå 55,4 millionar kroner i 2017 til 49,4 millionar kroner i 2018).

### Anleggsmidlar

Pensjonsmidlar auka frå 549 millionar kroner i 2017 til 601 millionar kroner i 2018. Pensjonsmidlar er dei faktiske pensjonsmidlene til kommunen, andel av forsikringsfondet (reserven), tilleggsavsetninger, andel av kursreguleringsfondet og pengar på premiefond (inkludert tilbakeført overskudd).

I 2018 er det gjennomført ordinære avskrivningar for 29 millionar kroner og det er aktivert verdiar for 51,3 millionar kroner. Det er seld kjøretøy for til saman 133.000 kroner i 2018. Restverdien desse var bokført med i balansen er som følge av sal ført ut av balansen.

Utlån/ansvarleg lån til Eidsiva Energi AS vart i 2018 konvertert til eigenkapital som følge av vedtak i generalforsamlinga til selskapet, jf. KS-sak 71/18. Kommunen sin balanseførte verdi av aksjer i selskapet er auka med 14.144.000 millionar kroner som følge av vedtaket. Sjå «Kraftinntekter» for ytterlegare informasjon.

Kommunen sine aksjer i Norske Skog AS sto balanseført med 89.400 kroner per 1. januar 2018. Aksjene er nedskrevet til null i 2018 som følge av at selskapet vart suspendert frå Oslo Børs 19. desember 2017.

Nord-Fron kommune har anleggsmidlar for 1.635 millionar kroner i 2018 (1.562 millionar kroner i 2017).

### Gjeld

Pensjonsforpliktelse auka frå 667 millionar kroner i 2017 til 688 millionar kroner i 2018. Pensjonsforpliktelse er noverdien av påløpt pensjonsforpliktelse for alle tilsette, aktive, oppsatte og pensjonistar. Dette er regnet ut etter eigne økonomiske føresetnader.


Samla langsiktig gjeld er 1.198 millionar kroner, og det er 209 % prosent av driftsinntektene i 2018 (208 % i 2017).



Kortsiktig gjeld er på 83,5 millionar kroner, og den auka med 15,3 millionar kroner frå 2017 til 2018.

Ekstern lånegjeld per 31. desember 2018 er 509,6 millionar kroner, og det er ein auke på 19,2 millionar kroner siste året. Sjå også avsnitt om arbeidskapitalen og investeringsrekneskapen.

Ekstern lånegjeld viser slik utvikling dei siste åra:



Det er lagt opp til at lånegjelda skal aukast i økonomiplanperioden (år 2019-2022) til om lag 555 millionar kroner i 2022.

Lånegjeld i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei siste åra:

	REKNESEK. 2016	REKNESEK. 2017	REKNESEK. 2018
Nord-Fron	94,4 %	88,1 %	89,1 %

Andelen av lånegjeld som er knytt til sjølvkost er berekna til å vera 50,5 millionar kroner per 31. desember 2018. Lånegjeld eks. sjølvkost i prosent av driftsinntekter er 80,3 %.

Det blir i 2019 lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for lånegjeld i Nord-Fron kommune.

#### Eigenkapital


Med bakgrunn i budsjett og vedtak gjennom året er totale verdiar av fond redusert med tre millionar kroner til 170 millionar kroner ved utgangen av 2018 (173 millionar kroner i 2016).

Av den totale fondsbeholdninga er mellom anna følgjande «bunde» opp:

- › 3,3 millionar kroner gjeld resterande skjønnsmidlar motteke etter flommen i 2013.
- › 7,9 millionar kroner er knytt til sjølvkostfond (avløp og septik).
- › 2,7 millionar kroner knytt til bunde driftsfond for Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal (Regionrådet har sidan 2005 vore ført som ein integrert del av kommunen sitt rekneskap).
- › 5,0 millionar kroner til kraftfond konsesjonsavgift.
- › 1,7 millionar kroner knytt til motteke arv til Sundheim.

Det er i tillegg avsett om lag 4,2 millionar kroner til ulike øyremerka driftsformål i 2018.

Fondsreservane viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):



Dette er sumtal for alle typar fond.

#### Investeringsfond

Det er balanseført 2,4 millionar kroner knytt til fond for ekstra avdrag på etableringslån/startlån. Dette er bundne midlar.

I tillegg er det per 31. desember 2018 balanseført til saman 77,3 millionar kroner på ulike ubundne investeringsfond. Av dette er 66 millionar kroner knytt til motteke tilskott frå Husbanken knytt til utbygging av Sundheim. Midlane vart avsett i samband med nedregulering av investeringsbudsjettet i 2017, KS-sak 109/17, og vil bli bruk til finansiering av prosjekt som skal re-budsjetterast/ regulerast opp i 2019 jf. KS-sak 103/18.

#### Disposisjonsfond

Dette er fondsmidlar som kan nyttast fritt, både til drift og investeringar, og saldo ved utgangen av året er 59,6 millionar kroner (56,1 millionar kroner per 31. desember 2017).

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene viser følgjande utvikling dei siste åra:

	REKNESEK. 2016	REKNESEK. 2017	REKNESEK. 2018
Nord-Fron	8,1 %	10,1 %	10,4 %

Det blir i 2019 lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for minimum størrelse på disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i Nord-Fron kommune.

Driftsrekneskapen for 2018 viser eit overskott på 1,2 millionar kroner (sju millionar kroner i 2017). Samla auka eigenkapitalen siste året med 21,9 millionar kroner til 633,3 millionar kroner per 31. desember 2018. Det blir også vist til note 15 for detaljar rundt auka i kapitalkontoen.

#### Tap på fordringar

Det er ikkje utgiftsført vesentleg tap på kommunale fordringar i 2018, og det er heller ikkje gjort avsetningar til å dekke eventuelle framtidige tap. Dette er gjort i samråd med Kemneren i Sør-Gudbrandsdal, som



ivaretek innføring av kommunale krav for Nord-Fron. Eventuell budsjettert avsetning blir vurdert på nytt i samband med budsjett og økonomiplan for 2020–2023.

### Driftsrekneskapen

Driftsrekneskapen viser kva for driftsutgifter og inntekter kommunen har i dei ulike virksomhetsområda (VO). I tillegg viser driftsrekneskapen kommunen sine skatteinntekter, renteinntekter/utgifter, avdrag på lån og bruk/avsetning av fond.

#### Driftsutgifter på virksomhetsområda

Tabellen viser utgift, inntekt og netto utgift (inkl. bruk/avsetning av fond) i VO i 2018:

TAL I 1000	REKN.	REG. BUD	AVVIK	PROSENT-AVV.
Br.t. utg	589.013	512.763	-76.250	-14,9%
Inntekt	-200.347	-132.777	67.570	-50,9 %
<b>NETTO UTGIFT</b>	<b>388.666</b>	<b>379.986</b>	<b>-8.680</b>	<b>-2,3 %</b>

Det er eit samla underskott på 8.680.000 kroner for verksemdsområda (VO), noko som er 2,3 prosent meir enn budsjetterte netto utgifter. Resultatet ved dei enkelte VO varierar og framgår av rekneskapsskjema 1b (merk at ansvar 143 Flom 2013 inngår i resultatet for Teknisk drift).

Frå 2014 er tilbakeført overskudd/overføring frå premiefond frå KLP knytt til pensjon ført utanom VO, på ansvar 806- premieavvik pensjon/pensjonsfond. I 2018 var overføring frå premiefondet om lag 8,3 millionar kroner inkludert arbeidsgjevaravgift, noko som var om lag 6 millionar kroner høgare enn budsjett på 2,3 millionar kroner.

I tillegg vart pensjonspremien samla for KLP og SPK om lag 0,3 millionar kroner høgare enn budsjett. Differansen er ført på ansvar 806 premieavvik/premiefond. Pensjonspremien (prosentatsen) er ført som budsjettert på verksemdsområda, men vil variere avhengig av lønskostnader.

#### Lønsutgifter

Lønsutgifter står i 2018 for 62,3 prosent (63,5 prosent i 2017) av brutto driftsutgifter i VO. Det har vore netto lønsutgifter på 351 millionar kroner, og det er 6,8 millionar kroner meir enn budsjett.

Samla brutto lønsutgifter viser eit meirforbruk på 22,6 millionar kroner i høve til budsjett. Når ein tek omsyn til refusjon frå NAV, som viser ei meirinntekt på 15,8 millionar kroner, er netto lønsutgifter (inkl. pensjon og arb.gjevaravgift) 6,8 millionar kroner meir enn budsjett. Netto lønsutgift er ikkje korrigert for tilskot, refusjon frå staten/andre kommunar og liknande.

#### Oversikt løns-avvik rekneskap og regulert budsjett:

TYPE	MILLIONAR KRONER.
Lønn (fast og variabel)	-22,2 (meir kostnad enn budsjett)
Refusjon NAV	+15,8 (meir inntekt enn budsjett)
Pensjon og arb.g.avg. VO	-0,4 (meir kostnad enn budsjett)
<b>Sum netto lønn VO</b>	<b>-6,8 (meir kostnad enn budsjett)</b>


#### Premieavvik

Det reknast ut eit premieavvik, som er differansen mellom utrekna pensjonskostnad og premie-innbetaling. Vidare skal premieavviket førast som ei utgift/inntekt. I 2017 var det eit positivt premieavvik (innbetaling til KLP/SPK meir enn kostnad) på 3,6 millionar kroner. Dette vart inntektsført i 2017 og avsett til pensjonsfond. Vidare vart premieavviket frå 2017 utgiftsført i 2018 finansiert med bruk av pensjonsfondet. Positivt premieavvik for 2018 (innbetalt meir enn kostnad) er 7,203 millionar kroner. Dette er inntektsført i 2018 med avsetning til pensjonsfondet. Premieavviket i 2018 blir utgiftsført i 2019 med bruk av pensjonsfondet tilsvarande. Pensjonsfondet er ved utgangen av 2018 på 22,4 millionar kroner (18,5 millionar kroner i 2017). Premieavviket blir ikkje ført på virksomhetsområda.

Det blir vist til KS-sak 18/03: Rekneskapsføring av pensjon – prinsippvedtak og fullmakt til håndtering av premieavvik. Her gjorde kommunestyret m.a. prinsippvedtak om å utgiftsføre/inntektsføre premieavviket i rekneskapen i det påfølgjande år (dvs. over ett år). Det er difor særskilt viktig å ha midlar på pensjonsfondet for å håndtere premieavviket.

#### Skatteinntekter

Skatteinntektene viser slik utvikling dei siste åra (tal i 1000):



Skatteinntekten (skatt på formue og inntekt) er i 2018 163,4 millionar kroner, og viser ei auke i høve til 2017 på 6,1 millionar kroner (+ 3,9 prosent). Skatteinntekten i 2018 er 0,4 millionar kroner (0,2 prosent) meir budsjett (163 millionar kroner).

Eigedomsskatten er 38,9 millionar kroner, og er 1,1 millionar kroner høgare enn budsjett.

#### Rammetilskott

I 2018 fekk kommunen totalt 172,3 millionar kroner i statleg ordinært rammetilskott inkl. netto inntektsutjamning. Dette er 2,2 millionar kroner meir enn budsjett og skuldast hovudsakleg auka netto inntektsutjamning.

#### Frie inntekter

Frie inntekter er sum av skatteinntekt og rammetilskott. Tabellen

viser at dette i 2018 utgjør 335,7 millioner kroner, og er 2,6 millioner kroner mer enn budsjettert:

TAL I 1000	REKN.18	BUDS.18	AVVIK 18
Rammetilsk.	165.768	165.548	220
Ord.skjønnsm.	1.137	1.000	137
Netto innt.utj.	5.394	3.514	1.880
<b>SUM RAMMET.</b>	<b>172.299</b>	<b>170.062</b>	<b>2.237</b>
Skatt	163.384	162.992	392
<b>FRIE INNTEKTER</b>	<b>335.683</b>	<b>333.054</b>	<b>2.629</b>

#### Kraftinntekter

Kommunen har hatt slike inntekter knytt til kraft i 2018 (tal i tusen):

TAL I 1000	R-17	R-18	B-18	AVVIK
Konsesjonsavgift (avsett til kraftfond)	1.493	1.514	1.350	164
Eigedomsskatt frå kraftverk	27.668	22.979	22.141	838
Konsesjonskraft (netto inntekt)	7.897	9.407	6.627	2.780
Naturressursskatt*	18.668	18.855	19.000	-145
Utbytte	7.047	6.849	6.828	21
Renter av ansvarleg lån	990	3.179	3.688	-509
<b>SUM</b>	<b>63.763</b>	<b>62.783</b>	<b>59.634</b>	<b>3.149</b>

\*Inngår som ein del av samla skatteinntekter, som blir samordna.


Eidsiva Energi AS har fram til 2018 vore lånetakar i eit ansvarlig lån frå sine eigarar. Generalforsamlinga vedtok at lånet skulle innfris i 2018 gjennom at det vart konvertert til eigenkapital. Verdi ut over hovedstol vart utbetalt til lånegiverne. Saka vart behandla i Nord-Fron i kommunestyret, sak 71/18, og konsekvensar for rekneskapen i 2018, inkludert budsjetregulering, vart behandla i KS-sak 119/18. Nord-Fron fekk som følge av endringa utbetalt overkurs, renter og gebyr på 2,688 millioner kroner. Meirinntekta vart avsatt til disposisjonsfond, jf. KS-sak 119/18. Kommunen sin andel av ansvarlig lån, som vart konvertert til eigenkapital, er på 14.144.415 kroner. Nord-Fron kommune sin eierandel i Eidsiva Energi AS er uendra på 0,931 %.

Administrasjonssjefen har fullmakt i økonomireglementet pkt. 4.4.5 og KS-sak 114/14 til å gjera avsetning til bufferfond prissikring kraft når det er meirinntekt på konsesjonskraft. Det er ikkje gjort slik avsetning i 2018. Saldo på fondet ved utgangen av 2018 er 2.795.000 kroner.

#### Økonomiske nøkkeltall i driftsrekneskapen

Netto driftsresultat viser brutto driftsresultat korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Eit positivt netto driftsresultat gjør det mogleg å dekke delar av investeringane med driftsmidlar forutan at kommunen kan sette av midlar til oppbygging av eigenkapital.

Netto driftsresultat viser slik utvikling dei siste åra:



Netto driftsresultat for 2018 er minus 9,3 millioner kroner (-1,6 prosent), opprinneleg budsjett var minus 11 millioner kroner (-2,1 prosent), og regulert budsjett er minus 10,9 millioner kroner (-2,1 prosent).

Det rekneskapsmessige overskottet er på 1,2 millioner kroner, og er hovudsakleg samansett slik:

- › Netto på verksemdsområda: -8,7 millioner kroner («svikt» i.f.t. budsjett).
- › Pensjon (tilbakeført overskott/premie): + 6,2 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Integreringstilskott: -1,5 millioner kroner (mindre inntekt og meir utgift gir «svikt» i.f.t. budsjett).
- › Konsesjonskraft: +2,8 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Skatt / rammetilskott: + 0,4 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Eigedomsskatt: + 1,1 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Rammetilskott/innt.utjamning: + 2,2 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Renterinntekter/utgifter, avdrag: + 1,0 millioner kroner (betre enn budsjett).
- › Tap aksjefond: +2,3 millioner kroner («svikt» i.f.t. budsjett).

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:

	REKNESK. 2016	REKNESK. 2017	REKNESK. 2018
Nord-Fron	3,8 %	2,1 %	-1,6 %

Det blir i 2019 lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter i Nord-Fron kommune.


Netto driftsresultat korrigert for premieavvik pensjon er -2,3 prosent i 2018 (1,7 prosent i 2017), sjå «Økonomisk oversikt drift» i trykt rekneskap.



Netto driftsresultat for 2018 er disponert slik (tal i 1000):

<b>AVSETNINGAR</b>	<b>33.184</b>
Bruk av avsetningar	-36.920
Bruk av overskott (tidl.år)	-7.013
Overf. til inv.rekneskap	288
Overskott	1.193
<b>SUM</b>	<b>-9.268</b>

Brutto utgifter til renter og avdrag viser slik utvikling dei siste åra:



I 2018 har det vore utgifter på 35 millionar kroner til renter og avdrag (0,42 millionar kroner i investeringsrekneskapen). Dette er 0,6 millionar kroner lågare enn budsjettet.

Brutto utgifter til renter og avdrag i prosent av driftsinntektene viser slik utvikling dei tre siste åra:

	REKNESEK. 2016	REKNESEK. 2017	REKNESEK. 2018
Nord-Fron	5,6 %	6,4 %	6,1 %

### Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen viser på utgiftssida kva kommunen har nytta til investeringar, utlån, aksjar og avsetningar. Inntektssida omfattar finansiering av alle investeringsutgiftene; lån, fond, overføring frå driftsrekneskapen og refusjon / tilskott.

Tabellen viser brutto investeringsutgifter for dei tre rammeområda i 2018:

TAL I 1000	REKNESEKAP	REG.BUDS.	PROSENTVIS FORBRUK
IKT	685	1.090	62,8 %
Teknisk drift	50.613	51.985	97,4 %
Kulturbygg	0	0	
<b>SUM</b>	<b>51.298</b>	<b>53.075</b>	<b>96,7 %</b>

Det er gjennomført investeringar for 51,3 millionar kroner, som utgjør 96,7 prosent av regulert budsjett.

I desember 2018 (KS-møte 11. desember 2018, sak 103/18) vart investeringsbudsjettet regulert ned med 93,5 millionar kroner for prosjekt som går over fleire år. I 2019 skal investeringsbudsjettet regulast opp att, saman med andre pågåande prosjekt videreført frå 2018. Finansieringa går ikkje utover tidlegare vedtatt budsjett og budsjettendringar.

Den prosentvise finansieringa av investeringane i 2016, 2017 og 2018 var slik:

	2016	2017	2018
Lånefinansiering	73 %	55 %	90,3 %
Eigenkapitalfinansiering	2 %	19 %	1,0 %
Refusjon / tilskott	25 %	26 %	8,7 %
<b>SUM</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

Kommunen har tidlegare år (2017 og 2016) inngått to avtaler som inneber justeringsrett, d.v.s. at momskompensasjonen knytt til investeringskostnadene blir fordelt over ti år.

Den eine avtala vart inngått med Nordbohus i 2017, og gjeld Barrustmoen bustadområde. Samla momskompensasjon på prosjektet var 648.665 kroner, og 1/10 av dette (64.866 kroner) blir inntektsført i ti år f.o.m. 2017.

Den andre avtala vart inngått med Vestsida fotballklubb i 2016 og gjeld overtaking av gang- og sykkelvei til ny fotballbane. Samla momskompensasjon var ein million kroner, og 1/10 (100.000 kroner) blir inntektsført i ti år fra og med 2016.

### LIKESTILLING

Arbeidet med likestilling i kommunen inngår som ein naturleg del av rekrutterings- og kompensearbeidet.

Når det gjeld fordeling kvinner/menn er status per 31. desember 2018 slik:

- › Ein av fem i rådmannsleiinga er kvinner.
- › Ni av 14 virksomhetsleiingar er kvinner.
- › 84 % av arbeidsstokken er kvinner.

### ETISK STANDARD

Kommunestyret har vedteke etiske retningslinjer for Nord-Fron kommune. Retningslinjene og teieplikterklæring blir sendt ut til nyttilsette saman med arbeidsavtala.

Innkjøpsstrategi (vedteke av kommunestyre 23. mars 2017, KS-sak 25/17) har også eige punkt som omhandlar etisk handel.

### DISKRIMINERING OG TILGJENGELIGHEIT

Fokuset på universell utforming blir ivareteke ved nybygg. I tillegg er det gjort oppgradering på eldre bygg der det er naturleg.

Det er ikkje nedfelt målsetting om at ein prosentvis del av arbeidstokken skal ha etnisk minoritetsbakgrunn, men kommunen har fleire tilsette med minoritetsbakgrunn innafor ulike yrkesgrupper. Ved ledige stillingar er det presisert i utlysningsteksta at kvalifiserte personar blir oppfordra til å søkje uansett alder, kjønn, funksjonsnedsetjing eller kulturell bakgrunn.

### INTERN KONTROLL

Kommunen bruker det webbaserte systemet QM+ for internkontroll

og kvalitetsutvikling. Programmet blir mellom anna nytta for registrering og oppfølging av avvik, samt for oversikt over interne rutinar og reglement.

Eit nytt registreringsskjema for HMS-avvik kom på plass i 2016. Som resultat av dette er det mellom anna utarbeidd nye registreringsskjema, og dei nye rutinane er gjennomgått med leiarane og andre tilsette på eigne samlingar. I 2018 vart det registrert og følgt opp 289 uønska hendingar innan ulike fokusområder. Hovuddelen av avvika er knytt til HMS og omsorg. Systemet er også brukt for internkontroll/dokumentasjon av utførte arbeidsoppgåver (t.d. vatn/avløp, vaktmestertenesten, div. eigenkontrolloppgåver etc.).

Det har i 2018 vore fokus på sikkerheit og kontroll av fagsystem i tilknytning til økonomi. Som følge av dette er det gjort ein gjennomgang av arbeidsflyten, og det er laga eit skjema for kartlegging av rutiner, roller og kontroll knytt til fagsystema. Det er også gjennomført samlingar med tilsette som har vesentlege roller knytt til fagsystema der fokus har vore å få ein betre interkontroll.

Kommunen har frå 2018 innført E-handel. I samband med dette er det også gjort ein gjennomgang av antal innkjøparar og det er gjennomført opplæring med desse.

## ANDRE FORHOLD

### Finansforvaltning

Kommunen har eige finansreglement som beskriver fullmakter, rutiner m.m. for finansforvaltninga. Revidert Finansreglementet vart sist vedteke i kommunestyret i 19. juni 2018, KS-sak 60/18.

Det blir utarbeidd eigen årsrapport for finansforvaltninga for 2018, og denne blir behandla i FS og KS i april/mai 2019.

Kommunen har utgiftsført urealisert kurstap på aksjefond på om lag 1,5 millionar kroner i 2018. Det var budsjettert med ein gevinst på 800.000 kroner, slik at avvik frå budsjett er om lag 2,3 millionar kroner.

### Ekstraordinære skjønnsmidlar i samband med flom 2013

I desember 2018 vart sluttrapport etter flaumen i 2013 sendt Fylkesmannen i Oppland, og som følge av dette har kommunen betalt attende 6,579 millionar kroner til Staten av motatte skjønnsmidlar.

Totale netto kostnader i 2018 knytt til flaumen, inkludert attendebetaling til Staten, var 7,3 millionar kroner. Kostnadene er fullt ut finansiert med resterande skjønnsmidlar, som er avsett på bunde fond. Saldo på fondet per 31. desember 2018 er 3,318 millionar kroner. Det står att noko arbeid, som vil bli utført i 2019, og dette vil bli finansiert med bruk av fondet. Alle kostnader i 2018 er ført på ansvar 143.

### Tilskott til ressurskrevjande tenester

Det er inntektsført krav om tilskott på 9,754 millionar kroner til ressurskrevjande tenester i 2018. Refusjonen er ført på eigen funksjon under ansvar 807.

### Tilskott til ikkje-kommunale barnehager

Tilskott til dei ikkje-kommunale barnehagane i 2018 utgjer 10,4 millionar kroner. Sentrum barnehage fekk utvida talet på plassar for barnehageåret 2018/2019, og det vart gjort ei auke i tilskotet frå august 2018 som følge av dette, jf. KS-sak 70/18.

## Usikre forpliktelser og hendelser

Det blir vist til note nr. 18 i rekneskapen som omhandlar regresskrav frå Gjensidige samt garanti for Vinstra motorsportarena.

Når det gjeld Vinstra motorsportarena erverva kommunen eigedom til motorsportanlegget i 2012, og inngjekk samtidig avtale med klubben om vederlagsfri feste av eigedommen. Eigedommen til kommunen er dermed bandlagt og utan adgang til å gje avkastning så lenge det er motorsportanlegg på eigedommen og avtala ikkje blir mislighaldt. Leigeavtalen er for 40 år, men med moglegheit for forlengelse. Avtalen vart tinglese i 2013, og det er ei standard festeavtale for tinglysning av festerett. I tråd med til standardavtala kan festeretten pantsetast, og i avtalen vart det ikkje teke atterhald om at pantsetting ikkje var tillate utan etter samtykke. I utgangspunktet kunne klubben ha pantsett festeretten utan kommunens samtykke. For å sikre begrensa bruk av eigedommen er det laga ei påteikning til festeavtala som sikrar kommunen i forhold til nye pantsettingar og bruk av eigedommen. Kommunen sin risiko knytt til pant og festerett er difor begrensa. Det blir også vist til behandling i kommunestyret av saka, jf. KS-sak 54/17 og 103/17.

Når det gjeld garantien har kommunen gjort avtale med klubben for å sikre jamnleg informasjon om den økonomiske risikoen, for å kunne være i forkant dersom ein garanti blir påkalt.

## Register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse - ROBEK

Nord-Fron kommune er ikkje ROBEK-kommune.

## VESENTLEGE BUDSJETTAVVIK

Vesentlege budsjettavvik er kommentert med utgangspunkt i rekneskapsskjema 1A og 1B i driftsrekneskapen og rekneskapsskjema 2A og 2B i investeringsrekneskapen. Når det gjeld skjema 1B er samla avvik for området større enn tre prosent kommentert. Tal i tusen.



## Rekneskapsskjema 1A

LINJE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Netto finansinntekter/utgifter	-22.904	-21.700	1.204
Det er meirutgifter på 1,2 millionar kroner og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter til avdrag som er lågare enn budsjettert, m.a. som følgje av seint låneopptak i 2018.</li> <li>› renteinntekter som er høgare enn budsjett, m.a. som følgje av ubrukte lånemidlar og god likviditet.</li> <li>› lågare avkastning på aksjefond enn budsjettert.</li> </ul>			
Netto avsetningar	-980	-816	164
Det er netto sett av 0,164 millionar kroner meir enn budsjettert grunna meir inntekt konsesjonsavgift, som er avsett til bunde driftsfond.			

## Rekneskapsskjema 1B

OMRÅDE/ANSVAR	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Rådmannsleiing	24.730	21.396	-3.334
Det er meirforbruk på 3,3 millionar kroner (- 15,6 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter høgare enn budsjett til byfest.</li> <li>› noko høgare utgifter høgare enn budsjett til private barnehagar.</li> <li>› noko høgare utgift enn budsjettert knytt til fellesutgifter oppvekst (barnehagedelen).</li> <li>› ikkje budsjetterte utgifter til krisehandtering.</li> </ul> I tillegg skuldast meirforbuket at effektiviseringskrav som gjeld heile organisasjonen er budsjettert på dette området (utgjør 1,5 millionar kroner).			
Stab pleie og omsorg	2.076	2.630	554
Det er innsparing på 0,56 millionar kroner (21,1 %) og det er knytt til ledige lønsmidlar for tildelingskontor.			
Teknisk drift eks. flom	31.193	26.430	-4.763
Det er meirforbruk på 4,8 millionar kroner (- 18,0 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter høgare enn budsjett knytt til vegvedlikehald.</li> <li>› utgifter høgare enn budsjett knytt til straum.</li> </ul> I tillegg kjem avvik knytt til sjølvkostområda. Dette utgjør svikt i høve til budsjett på om lag 1,2 millionar kroner, og må sjåast opp mot dekningsgradsberekninga jf. note 17.			
Areal og næring	11.238	11.720	482
Det er innsparing på 0,5 millionar kroner (+ 4,3 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter lågare enn budsjett knytt til løn, m.a. på grunn av vakansar.</li> <li>› utgifter lågare enn budsjettert til tiltaksarbeid.</li> </ul>			
Skåbu oppvekst	9.151	9.878	727
Det er innsparing på 0,8 mill. kr (+ 7,4 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› omorganisering av mellomtrinn og ungdomstrinn.</li> <li>› inntekter frå prosjektmidlar frå Oppland Fylkeskommune.</li> <li>› refusjon av sjukeløn/vakansar og noko mindreforbruk på barnehage, SFO og skoleskyss.</li> </ul>			
Kultur	20.589	21.856	1.266
Det er innsparing på 1,3 millionar kroner (+ 5,8 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› utgifter lågare enn budsjettert til bibliotekdrift.</li> <li>› lågare utgifter til ulike tilskotsordningar enn budsjettert.</li> <li>› meir leieinntekter enn budsjettert.</li> <li>› utgifter lågare enn budsjettert til løn (m.a. ikkje erstatta fråvær).</li> </ul>			
Avdeling for Institusjonsomsorg	49.196	46.484	-2.712
Det er meirforbruk på 2,7 millionar kroner (- 5,8 %) og skuldast i hovudsak følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>› høgt sjukefråvær og vikarutgifter.</li> <li>› vesentleg høgare utgifter til ressurskrevjande tenester/demensavd. enn budsjettert</li> <li>› ikkje budsjetterte utgifter til reparasjonar/utstyr knytt kjøkken og matombringning.</li> </ul>			

Premieavvik/pensjonsfond – ansvar 806	-8.485	-2.297	6.188
Det er meirinntekt på 6,2 mill. kr og skuldast meir i tilbakeført overskott/tilbakeført frå premiefond frå KLP.			
Andre inntekter / utgifter – ansvar 807	-19.371	-20.913	-1.542
Det er mindre 1,5 millionar kroner mindre inntekt enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak følgjande: > samla mindre inntekt enn budsjettert når det gjeld integrerings- og persontilskot, samt meir utgifter knytt til flyktningar enn budsjettert (gir meir bruk av integreringstilskot på verksemdsområda).			
Konsesjonskraft – ansvar 808	-9.409	-6.627	2.780
Det er meirinntekt knytt til netto sal av konsesjonskraft på om lag 2,8 millionar kroner			

I tillegg til avvik på over tre prosent knytt til områda over er det eit vesentleg avvik innan området Forebyggende helsetenester (ansvar 330, 333 og 334). Dette er knytt til økonomisk sosialhjelp (funksjon 2811 og 2812), ført på ansvar 333. Rekneskapen viser utgifter på 7,952 millionar kroner, som er utgifter ut over budsjett på om lag 3,4 millionar kroner.

## Rekneskapsskjema 2A

LINJE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Investeringar i anleggsmidler	51.298	53.075	1.777
Det er brukt 1,8 millionar kroner. mindre enn budsjett. For prosjekt som går over fleire år blir det lagt fram sak om overføring av restmidlar til 2019 saman med det som vart nedregulert i KS-sak 103/18.			
Utlån	400	3.000	2.600
Det er lånt ut 2,6 millionar kroner mindre enn budsjett til startlån. Det er fleire godkjende søkjarar som per 31. desember 2018 ikkje hadde funne passende bustad, slik at utbetaling av lån eventuelt kjem seinare.			
Bruk av lånemidler	46.732	52.117	5.385
Det er brukt 5,4 millionar kroner mindre lånemidler enn budsjettert. Dette er i hovusak knytt til investeringsprosjekt som går over fleire år, der delar av kostnaden kjem seinare. Prosjekt som blir overført til 2019 vil bli delfinansiert med ubrukne lånemidler.			
Mottatt avdrag på utlån og refusjonar	17.239	15.693	1.546
Det er motteke refusjonar og avdrag på utlån på 1,5 millionar kroner meir enn budsjettert. I hovusak gjeld dette: > meir i motteke refusjon/tilskott frå Staten enn budsjettert (fortau Sundheimsvegen). > meir i refusjonar knytt til tomter enn budsjettert. > noko meir i motteke avdrag på forvaltningslån (avsett til bunde fond).			
Bruk av avsetningar	1.464	1.550	86
Det er brukt 0,1 millionar kroner mindre av avsetningar/fond enn budsjettert. Dette skuldast mindre kostnad enn budsjettert til bygg jobbservice.			

## Rekneskapsskjema 2B

RAMMEOMRÅDE	REKNESKAP	REG. BUDSJETT	AVVIK
Investeringar teknikk, næring, eigedom	51.298	53.075	1.778
Sjå punkt om investeringar i anleggsmidler under rekneskapsskjema 2A.			



# Faktorar som verkar inn på økonomiplan for 2019–2022

## Økonomiplan – handlingsrom

Kommunesektoren sin aktivitet blir i stor grad påverka av kva politikk staten (Storting og regjering) fører ovafor kommunar og fylkeskommunar. M.a. har innretninga av det kommunale inntektssystemet mykje å seie for kva ressursar kommunane har til rådvelde. Med jamne mellomrom kjem det endringar i dette systemet – enten direkte eller indirekte – som justerer kva rammer kommunen har å nytte til fri disposisjon. Eit døme er forslag til endring i «distriktsindeks», som isolert sett vil ha negativ konsekvens for inntekter kommunen vår får gjennom inntektssystemet.

Endringar i demografi, t.d. ved endra samansetting av befolkninga (t.d. fleire eldre, med pleiebehov og / eller færre barn i skulealder), og sum innbyggartal har også konsekvensar for overføringar til kommunen.

For å motverke utslag av fakta-baserte endringar må kommunen legge til rette for at vi er attraktive som bustadkommune. Det betyr m.a. at vi skal ha fokus på å produsere gode velferdstenester.

Det heng også saman med at kommunen og distrikta rundt oss må ha interessante arbeidsplassar som gjør at yngre innbygarar vel å busette seg her.

For Nord-Fron er inntekter frå kraftverksektoren ein viktig basis for finansiering av velferdstenester. Eigedomsskatten frå kraftverk har blitt redusert med ca. 12 millionar kroner siste to år. Det har konsekvensar for nivået på kommunens driftsnivå. Kommunen er også eigar innafor kraftbransjen, der vi ser ein trend på at eigarinntekter (t.d. utbytte) blir sett under press / kan bli lågare. Det er i dag lite truleg at desse inntektene vil stige komande år. Kommunen må tilpasse aktiviteten til endra rammevilkår.

Kommunestyret har difor lagt til grunn eit omstillings-/ effektiviseringsprogram for komande planperiode. Første del av 2018 skal nyttast som grunnlag for å skaffe handlingsrom for kommunestyret sin prioritering i 3./4. kvartal. Det må skje ved kostnadsreduksjonar, effektivisering (arbeide annleis / auka digitalisering osv.) men også ved å ha sterkt fokus på om det er inntektskjelder der vi kan hente ut større inntekter.

Vi må ha auka fokus på dei lokale prioriteringane som blir gjort. Vi kan ikkje halde fram med å måle velferd i form av evt. auke i ressurstilgangen på ulike tenester. Kommunal statistikk (m.a. Kostra data) viser som nemnt at Nord-Fron nyttar større ressursar enn andre kommunar på dei fleste tenesteområda. Av omsyn til økonomisk handlingsrom framover må

netto kostnader ned. Utfordringa blir da å ha sterkare fokus på om- og i tilfelle kva områder som evt. skal «skjermast» for nedgang, og i tilfelle om det er mogleg ut i frå ei økonomisk vurdering.

Vi må ha auka fokus på kostnadskontroll på tenesteområda. Fram til i dag har svikt på enkelte områder vorte dekkja ved at andre område har hatt innsparing og / eller at det har blitt gjeve tilleggs løyving. I tillegg har vi hatt gode «resultat» på t.d. forvaltning av finanskapital (meirinntekter) og pensjonskostnader (lågare utgifter enn budsjettet). Administrasjonssjefen ser at det ikkje blir enkelt å gjere vedtak om ekstra midlar i åra som kjem.

## Kommuneplan – samspel mellom økonomiplan og handlingsplan

Vi har i starten av 2018 ikkje kome langt i arbeidet med å lage ein handlingsplan som skal kople samfunnsdelen i ny kommuneplan med økonomiplanen. Målarbeid har i hovudsak vore innretta på ønskje om vekst i ressursar. Framover må vi ha fokus på korleis vi kan arbeide annleis, og samtidig ha best mogleg tenester. Vi har hatt mykje arbeid med å lage ny arealdel til kommuneplanen, og resultatet av arbeidet (truleg sluttbehandling i 2018) vil ha stor innverknad på arealbruken framover. Vi skal lage ein eigen kommunedelplan for Vinstra, der

m.a. fortetting / avstand mellom busetnad og servicetilbod skal ha fokus. Vil vi lukkast med å få fleire til å etablere seg i sentrumsnære område, og kan / skal kommunen legge til rette for / regulere areal til konsentrert busetnad?

### Næringsutvikling / hyttepolitikk

I arbeidet med ny arealdel i kommuneplanen har det vore fokus på å skilje mellom vern og bruk av attraktive areal i fjellområda våre. Det blir vurdert som viktig når vi skal utvikle m.a. hyttepolitikken. Vi skal ha fokus på godt utbygd infrastruktur samtidig som vi ikkje skal fortette fritidsområda for sterkt. Per i dag har vi ikkje særleg mykje disponibelt næringsareal som kommunen kan selje til interesserte. Men det er areal i privat eige som vi må tru vil kome på marknaden etter kvart som det er mangel på offentleg eigde areal.

Vinstra er gjennom regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland av Oppland fylkeskommune gjeve status som regionalt senter. Ved at fylkeskommunen har gjort slikt vedtak har det gjeve positive bidrag til utvikling av kommunen siste par år. Prosjekt «Vinstra 2046» er eit viktig prosjekt der kommunen samhandlar med fylkeskommune, statens vegvesen og regional stat knytt til utvikling av Vinstra. Ved å ha fokus på utvikling av eit berekraftig sentrum vil det også ha

positiv innverknad på m.a. busetting elles i kommunen og i tettstader med akseptabel reiseavstand til Vinstra.

Det bør ha konsekvens for kor og i kva omfang kommunen skal planlegge nye bustadområder. Kommunen skal framover utvikle Vinstra som sentrum. Kommunestyret har vedtatt å legge til rette for utvikling av «nytt» sentrum i delar av Lomoen. Det betyr at vi må legge til rette for lokalisering av publikumsretta aktivitetar i området ved Vinstrahallen / VVS. Dette området blir liggande tett på ny handelsverksemd.

Kommunen har i dag eit vel fungerande næringsliv, der vi ser vekst innafor handelsrelaterte næringer, som betyr at vi får handel frå eit større område. Samtidig ser vi at aktiviteten innafor bygg- og anlegg har flata ut, og at det f.t. er langt færre større anlegg i nærområdet enn kva vi hadde i samband med utbygging av ny E6 og andre større infrastruktur tiltak.

Kommunane i regionen har starta eit nytt prosjekt «Gudbrandsdalsvegen» - der målsettinga er å vise fram gode opplevingar med høg kvalitet som både fastbuande og ikkje minst tilreisande / deltidsinnbyggjarar (eigarar og brukarar av fritidsbustader) ser nytta av å ta i bruk. Vi bur i eit områda som i dag har få naturlege vekstimpulsar. Vidare satsing på fritidsbustader / deltidsinnbyggjarar vil gje grunnlag for vekst framover.

### Statlege reformer – og frivillige endringar

Kommunereforma i Midt-Gudbrandsdal vart landa med avgjerda som ble gjort lokalt i 2016. I 2017/18 er det gjort vedtak om samanslåing av Hedmark og Oppland fylke til ein fylkeskommune – Innlandet. Vidare har staten vedtatt endringar i organisering av regional stat for dei same fylka. Når staten har konkludert om aktuelle oppgåveendringar for nye regionar kan det kome ei ny runde med strukturdebatt på kommunenivå.

M.a. ut i frå det er det viktig at kommunane i regionen lukkast i arbeidet med å etablere nye interkommunale samarbeidsordningar på områder der det blir vurdert som tenleg for å sikre kvalitativt gode tenester også fram i tid. Per 21.3.18 ser det ut til at kommunane Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron skal lukkast med å etablere nye interkommunale ordningar, som skal bidra til at allereie vel fungerande ordningar skal kunne utviklast vidare. Samtidig har adm.sj. forventningar om at vi skal kunne ta ut økonomiske effektar ved å samordne ressursar frå våre tre kommunar.

# Rådmannsleiinga

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Kommuneplanens arealdel
- › Omstilling og endringsarbeid
- › Digital kommune
- › Beredskap

## OPPGÅVER OG TENESTER

Rådmannsleiinga har eit samla overordna administrativt ansvar for alle område i Nord-Fron kommune.

### KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Kommunestyret sluttbehandla ny arealdel for kommuneplanen i juni 2018. Planen er eit styringsdokument for vidare utvikling dei neste 10 åra, og legg føringar for vidare utbygging i kommunen.

### ARRANGEMENTSÅRET

I 2018 har kommunen hatt fleire store arrangement. I tillegg til rekordoppslutning og vellykka festivalar arrangert av Rondaståk, Peer Gynt, Countryfestival og Furusjøen Rundt, så har det også vore gjennomført fleire større arrangement både i Skåbu og på Vinstra. Kommunen har ein eigen arrangementspost i budsjettet, og mangfoldet på søknadar er stort. Det er vi stolte av! Byfesten i 2018 var fløtt frå Nedregate til området utanfor Vinstrahallen, noko som fekk stor merksemd. Oppslutninga var stor og arrangementet bidro til stoltheit, optimisme og framtidstru.

### OMSTILLING OG ENDRING

Kommunestyret vedtok i samband med budsjett- og økonomiplanen (2018-2021) eit samla effektiviseringskrav på ca. 18 mill. kr for planperioden. Dette arbeidet har hatt fokus i 2018, og vil gi utfordringar i planperioden for fleire av våre tenesteområde. Effektene frå omstillingsarbeidet blir ikkje synlege før frå 2019 og framover. I løpet av året har det blitt etablert fleire nye interkommunale samarbeidsordningar mellom Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu kommunar. Dette gjeld NAV Midt-Gudbrandsdal der Nord-Fron kommune har arbeidsgjeveransvaret, samt felles barnevern (Ringebu) og felles flyktingeteneste (Sør-Fron).

### DIGITAL KOMMUNE

Nord-Fron kommune har eit ønske om å bli meir digital i framtida. Dette vil vidare vere ein del av eit omstillingsarbeid, samtidig som meninga er å gje eit ennå betre tilbod til våre innbyggjarar. I løpet av 2018 har det blitt innført digitale løysingar ift. blant anna post, innkjøp, velferdsteknologi og arkivsak. Det blir jobba vidare med ein strategiplan for kva som skal prioriterast dei neste åra.

### BEREDSKAP

Hausten 2018 vart kriseleiing, kriseteam, helseapparat og skulane våre verkeleg sett på prøve da kommunen opplevde ei djupt tragisk hending, der ei 16 år gammal jente mista livet etter eit knivdrap. I tillegg vart året prega av tørke, noko som utfordra beredskapen for landbruksnæringa.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### Alle virksomhetsområder skal halde seg innafor budsjett.

Samla vart det eit negativt avvik på -2,3 % på våre virksomhetsområde. Vi har difor ikkje nådd målet i 2018. Det er lagt opp til ein stor omstillingsprosess i organisasjonen, og ein forventar effekt frå 2019.

### Vi skal ha høg trivsel.

Det er ikkje gjennomført medarbeiderundersøkingar i 2018. Det er ikkje meldt om alvorlege HMS-avvik og heller ikkje løfta fram større avvik gjennom vernerunder. Sjukefråværet for 2018 viser 9,5 %. Det er eit alt for høgt tal. Kommunen har difor sett i gang fleire tiltak for å styrke nærværet på arbeidsplassane.

### Ha eit godt omdømme og vere blant dei 50 beste kommunane andet på Kommunebarometeret.

Foreløpige tal frå Kommunal Rapport viser at Nord-Fron havnar på ein 165. plass (91. plass om ein ikkje tek omsyn til økonomiske forutsetningar). Vi har med plasseringa ikkje oppnådd målsettinga om «Topp 50». Barometeret vil bli brukt som «rettesnor» for forbetring i 2019.

### Vi skal arbeide med forebyggande beredskapsarbeid og internkontroll.

Ingen beredskapsøvingar i 2018. Kommunen brukte sitt krisekommunikasjonssystem ifm. tørkesomaren i 2018. I tillegg er innbyggjarvarslingsssystemet i kontinuerleg bruk ifm. vedlikehald på veg, vatn og avlaup.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	24.729	21.396	21.467	- 3.333

Rådmannsleiinga har i hovudsak eit meirforbruk som skuldast:

- › Auka kostnader i samband med arrangement (Byfest)
- › Effektiviseringskrav som ikkje er innfridd for 2018.
- › Auka kostnader i samband med kriseteam
- › Auka kostnader til private barnehager
- › Auka kostnader til barn med særskilte behov (barnehage)

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
0,0 %	0,0 %	0,0 %



# Stab

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Digitalisering i høgir.
- › Fleire endringar for Servicetorget.
- › Nye interkommunale samarbeidsordningar.
- › Ny personvernlovgivning.
- › Ny rammeavtale på bedriftshelsetenester.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Stab består i hovedsak av tenester innanfor økonomi, personal (HR), IKT, informasjon, arkiv, juridisk rådgivning, beredskapskoordinering og politisk sekretariat. Helsetenestene har eigen stab lokalisert på Sundeheim, som tek for seg oppgåver som er særreigne for helsesektoren.

### DIGITALISERING I HØYGIR

Nord-Fron kommune legg stadig om arbeidsprosessar og blir meir digitale. Døme frå 2018 er:

- › Innføring av digitalt mottak og svarløsning for post/kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og andre offentlege instansar.
- › Ny møteportal for digital opphenting av saker til politiske utval, som også mogeleggjir digital lesing av graderte dokument.
- › Omlegging av sak/arkivsystemet, slik at dette vart integrert i e-postsystemet.
- › Nytt intranett.
- › Digital oversikt over innkjøpsavtaler som sikrar betre offentleg innsyn.
- › Fleire elektroniske søknadsskjema, herunder til dømes søknadsskjema for SFO-plassar.
- › Digital utsending av lønnsliappar til alle tilsette.

### ENDRINGAR FOR SERVICETORGET

Sentralbordløsninga er oppgradert, med m.a. autosvar-funksjon for alle fasttelefonar og sms-funksjon. I tillegg er betjeningen av sentralbordet på Sundheim flytta til kommunehuset. Åpningstida vart også redusert, ettersom kommunen har innført fleire sjølvbetjeningsløsningar. Kommunikasjonsroboten «Kommune Kari» vart installert på heimesida, noko som gjer auka treffsikkerheit for søk på heimesida.

### NYE INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSORDNINGAR

Tilrettelegging og oppretting av nye interkommunale samarbeidsordningar har bydd på betydelig arbeidsinnsats for de fleste område innanfor stab. Herunder slik som nye budsjett, avslutting og oppretting av nye fagsystem og arkiv, rydding og levering av arkiv, handtering av formalitetar knytt til virksomheitsoverdragningane og involvering i arbeid knytt til klargjering av nye lokale.

### NY PERSONVERNLOVGIVNING

I juli 2018 trådte den nye personvernforordningen (GDPR) i kraft. Dette inneber eit betydeleg arbeid med

innføring av databehandleravtaler og systematisering av informasjonssikkerheitsarbeid. Ein tilsett frå IKT er frikjøpt i 10% stilling for å ivareta den lovpålagte funksjonen personvernombud.

### BEDRIFTSHELSETENESTE

Rett før årsskiftet signerte kommunen ny avtale om bedriftshelseteneste. Same leverandør som førre periode vart valgt etter konkurranse og offentlig anbud.

Av andre store rammeavtaler i 2018 kan vi nemne ny hovedbankavtale og medisinske forbruksvarer.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### Vi skal levere gode førstelinjetenester til innbyggjarane våre

Innføring av digitalt mottak og svarløsning for post har vore eit løft i høve til digital kommunikasjon med innbyggjarar.

### Vi skal vere eit godt støtteapparat for dei ulike verksemdsomsråda og den administrative og politiske leiinga

Virksomheitsleiarar gir oss tilbakemelding på at stab er eit godt støtteapparat. Utfordringa vår er å balansere eit aukande behov for spesialisering utan å bli for sårbare.

### Vi skal arbeide løysingsorientert og tørje å ta i bruk verktøy og metodar for ei stadig betre og meir effektiv oppgaveløysing.

Endringsviljen i stab er stor og dei tilsette er stort sett uredde for å ta i bruk nye løysningar. Utfordringa er å finne rom for tilstrekkeleg kompetanseheving, drive opplæring og realisere gjevinstar gjennom å nyttegjere oss nye verktøy og metodar fullt ut.

## ØKONOMISK RESULTAT

ANSVAR	R-17	B-18	R-18	AVVIK (B18-R18)
STAB*	22.840	21.977	22.429	-452
STAB HELSE**	1.760	2.630	2.076	554

\*Stab omfattar tre ansvarsområde: Stab, felleskostnader og lærlingar. Meirforbruk skuldast i hovedsak auka utgifter ved oppgraderingar og innføring av nye system (IKT).

\*\* Mindreforbruk i stab helse skuldast at ei stilling er lagt i stillingsbank og har stått vakant i 2018.

## SJUKEFRÅVÆR

### STAB

2016	2017	2018
1,6 %	8,1 %	2,6 %

### STAB HELSE

2016	2017	2018
8,6 %	0,7 %	0,5 %

Stab har hatt ei positiv utvikling med omsyn til sjukefråvær.



Vatnet frå Skåbu vassverk vart kåra til beste drikkevotnet i Innlandet i kategorien grunnvatn. Her er glade driftsoperatørar på vatn og avløp.

# Teknisk drift

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Utbetring av FEWAGO-ledningen har pågått gjennom delar av året for å sørge for tetting mot innlekkasje.
- › Det pågår utbygging av vatn og avlaup på Kvamsfjellet og leidningsnettet er pr nyttår ca 50% fullført.
- › Ny veg til Sundheim vart fullført med asfalt og fortau.

## OPPGÅVER OG TENESTER

### VASSFORSYNING OG AVLAUP

#### Større tiltak i 2018:

- › Rehab vatn og avlaup Kvam og Vinstra (Furuheim)+ avlaup Skåbu skule.
- › Arbeid med å redusere innlekking på FEWAGO-leidningen.
- › Arbeid med VA-Furusjøen har pågått for fullt heile 2018.

### VEGAR OG TRAFIKKSIKRING

Det er store vedlikehaldskostnader på kommunale vegar og gang- og sykkelvegar. Det er stor attgroing av areala inntil våre vegar, og dette er ei stor utfordring med tanke på trafikksikkerhet og vedlikehald.

### KART OG OPPMÅLING

Det er utført 63 delingssaker, fem grensejusteringar, seks grenseganger, og 24 samanføyingar i 2018. Jobben med å plassere matrikelnummer på rett teig går fortløpande. Dette er ein naturleg del av arbeidet med å gjera kartverket betre.

### PARKANLEGG

I 2018 er det brukt 41 prosent meir enn budsjettert på vedlikehald av parkanlegga. Rekneskapsførte utgifter er på 1.346.601 kroner, medan budsjetten i 2018 var på 952.000 kroner. Dette kjem delvis av at det har vore gjort tiltak som gir fleire områder å vedlikehalde. Kvaliteten på anlegga har vore jamt over god. Det er gjort innkjøp av ein større plenklyppar + lauvsgar påmotert hengar for å betre arbeidsmiljø ifbm raking av lauv og gras om våren.

### EIGEDOMSFORVALTNING

Av større byggje- og vedlikehaldsprosjekt i 2018 kan nemnast:

- › Renovering heis på kommunehuset og carport til leasingbiler.
- › Tilbygg av malingsverksted på Jobbservice.
- › Fullføring svømmebassenget ved Skåbu skole.

## VAKTMEISTEROPPGÅVER

2018 har vore eit normalt arbeidsår der det er utført mykje arbeid med vedlikehald og oppussing av skular, barnehagar, kommunale bustader og andre kommunale bygg både på uteområda og inne.

## REINHOLD OG VASKERI

Nord-Fron kommune har ein høg standard på reinhaldet i sine bygg. 21 av våre 30 tilsette reinhaldarar i Teknisk drift har nå fagbrev i reinhaldsoperatørfaget.

Etter at vi opna nybygget på Sundheim har vi fått ein del meir areal enn tidligare, men vi prøver oss fram og kan ta større areal med meir maskinelt reinhald.

Med innsparingskrav på teknisk drift har vi ein kontinuerleg gjennomgang av reinhaldet for å sjå på bl.a. redusert frekvens når vi har ledige heimlar.

## STØRRE INNKJØP

Det er gjennomført nokre større innkjøp som er regulert gjennom «Lov om offentlige anskaffelser» og nokre av desse er nemnt nedanfor:

- › Rehabilitering av VA Kvam sentrum.
- › Rehabilitering for å unngå innlekking av framandvatn på FeWaGo-leidning.
- › Nye Sundheimsvegen- fortau og asfalt.
- › Rammeavtale innlekking av framandvatn og graving.
- › Utskifting av gateløys, armatur og tennskap.
- › Utbetring av flomskader i Sula og over Åsvegen.
- › Kontrahering av entreprenør for Møllehaugen høgdebasseng for VA-Furusjøen.
- › Innanfor INNOFF-samarbeidet/Stab har det – for å nemne nokre - blitt nye avtaler på:
  - › *Rammeavtale Medisinske forbruksvarer.*
  - › *Rammeavtale leasingbiler.*
  - › *Rammeavtale bedriftshelsetenester.*

I tillegg er det kjørt fleire minikonkurransar i samband med inngåtte rammeavtalar på håndverkertenester.

Ein ser at arbeid med innkjøp krev god kompetanse og er tidkrevjande.

## TOMTEOMRÅDE

Det er i 2018 seld ei tomt Huskero, ei tomt i Nedre Solhellinga, og ei tomt på Midtmoen. Det pågår forhandlingar om grunnkjøp for Øvre Tokse med planlagt oppstart hausten 2019.

Per 31. desember 2018 er det 18 byggjeklare tomter mot 21 i 2017.

## EIGEDOMSSKATT

Det har i 2018 vore eit normalt arbeidsår etter at det vart innført eigedomsskatt i heile kommunen frå 2011. Klage frå Statnett på utskriving av eigedomsskatten har også i år gitt mykje ekstra arbeid. Det er nå ein person som arbeider i 50 prosent stilling med desse oppgåvene, men for å få alle oppgåvene gjort er det leigd inn noko ekstra kapasitet.

## RENOVASJON OG BRANNVERN/FEIING

Renovasjonsordninga og brannvern/feiing har i 2018 fungert godt. Dette blir ivareteke av dei interkommunale selskapa Midt Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR) og Midt Gudbrandsdal brann- og feiarvesen (MGB).

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### **Oppretthalde god kvalitet på kommunale vegar både sommar og vinter**

Det er store utfordringer med attgroing av kommunale vegar. Vintervedlikehaldet tek ein stor del av våre tildelte midlar for vedlikehald, slik at det går utover andre oppgåver som skulle vore utført på vegane våre.

### **Drive vassforsyninga utan store avbrot eller problem elles**

Det har ikkje vore store problem med vassforsyninga i 2018.

### **Drive avløpsnett og reinseanlegga utan alvorleg forureining av det ytre miljø**

Det har ikkje vore store problem med avløpsnett i 2018, utanom stor innlekking av smeltevatn. Det har ikkje vore noko langvarige konsekvensar for abonnentane eller det ytre miljø.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	R-18	B-18	AVVIK B18-R18
Netto driftsutgift	29.267	31.193	26.430	-4.762
Brutto investeringsutgift	69.867	50.613	51.985	1.372

*Driftsrekneskapan viser eit meirforbruk på 4.762.884 kroner. Hovudårsaker er utgifter til vegvedlikehald og auka straumpris. I tillegg kjem underdekning på sjølvkost som er dekkja inn med fondsbruk.*

### Utgifter knytt til flaumen er ført på eige ansvar:

TAL I 1000	R-17	R-18	B-18	AVVIK B18-R18
Netto driftsutgift	2.836	0	1	1
Brutto investeringsutgift	8.534	0	0	0

*Etter at det er kravd refusjon frå GE og Telenor på delar av flomarbeida, kjem den reelle kostnaden i 2018 ut i null.*

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
7,7 %	10,4 %	9,2 %

*Sjuefråværet blant reinhaldsoperatørene er fortsatt høgt, og dette skuldast ein del langtidssjukmeldte grunna slitastjeskader.*



# Areal og næring (AN)

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Strategirapporten «Vinstra 2046» vart endelig vedtatt av kommunestyret på møte den 11. desember 2018. Med vedtatt kartfesting av sentrumsgrenser i 2017, gjekk prosjektet vidare med ei visjonsteikning for sentrum inklusive tiltak. Dette skal danne grunnlaget for vidare arbeid med fremtidige tiltak på kort og lang sikt.
- › Vinstra med ny E6 går inn i sitt andre år. Det har vore noko interesse for nyetablering i samband med E6 også dette året. Biltema er den største nye etableringa i denne samanheng med byggstart i 2018 og planlagt åpning i 2019.
- › Arealdelen i Kommuneplanen 2018–2029 vart vedtatt i kommunestyret etter eit større arbeid. Det var ingen større konflikter med andre myndigheiter som førte til innsigelsar.
- › Landbruket har også vore i fokus. 2018 var eit spesielt år for landbruket med dårlege avlingar. Det har vore jobba mot og med næringa for å minimalisere skadene og sørge for nok fôr i vinter.
- › I konflikta mellom beitenæring og rovdyr har landbrukskontoret vore svært aktiv.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Virksomhetsområdet Areal og Næring består av tenester innan byggesak, miljø, reguleringsplanar, kartteneste, næring og landbruk.

Areal og Næring har fokus på å yte service til dei som kontaktar oss. Fokus er også på å levere korrekte saker til politisk eller delegert behandling og for vidare oppfølging.

Vi skal være på tilbydersida med riktig forvaltning. Med mange innspill og meiningar ser vi det som viktig med god begrunning i lovverk samt i politisk og administrativ forankring. Alt skal gjerast innafør den myndigheit og dei rammer vi er tildelt.

## PLANARBEID

Arealdelen til Kommuneplanen vart vedtatt i juni 2018. Kommuneplanen er viktig på både kort og lang sikt då den er overordna utvikling i kommunen.

## VINSTRAS 2046

Prosjektet har lagt fram sin strategirapport som ein heilheitleg plan for bolig, areal- og transportforhold i Vinstra by sett i eit 30-års perspektiv. Prosjektet er i samarbeid med fylkeskommune, vegvesen, fylkesmann og næringsforening. Med strategirapporten kom prosjektet til ende av første fase.

## LANDBRUK

Landbruksnæringa er ei viktig næring i Nord-Fron. Sommaren 2018 var prega av varme og lite nedbør, noko som resulterte i betydelig avlingssvikt for mange gardbrukarar. Kommunen behandla 145 søknader om avlingsskadeerstatning. Den tørre sommeren medførte stor skogbrannfare, som igjen førte til at aktiviteten i skogbruket vart noko redusert. Satsninga på lokalmatproduksjon har blitt vidareført i 2018.

## HYTTEPOLITIKK

Hytteeigarar og brukarar er viktig for kommunen. Det er jamn pågang av byggesaker.

## NÆRINGSUTVIKLING

Kommunen har aktivt fulgt opp nyetableringar etter åpning av ny E6. Flaumsikring og anna vegutbygging har også gitt næringslivet andre moglegheiter.

Utbygging av fiber til hus, hytter og bedrifter er viktig for alle. Virksomhetsområdet har levert prosjektleiar for fiberutbygging både til regionrådet og til fylkeskommunen.

Det er også jobba vidare med fleire nyetableringar, då spesielt for produksjonsbedrifter både på Kvam og på Vinstra.

## BÆREKRAFT

Nord-Fron kommune har signert avtale med Visit Lillehammer for å jobbe mot eit meir bærekraftig samfunn. Kommunen har også starta arbeidet med eigne miljø- og klimatiltak.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

**Byggesaksbehandling: Svare på søknader og spørsmål innan lovpålagte fristar. Standardsøknader skal det svarast på innan to veker**

Antall byggesaker i 2018 hadde ein liten nedgang i høve til 2017. Tala viser likevel ein stabil situasjon i høve til antall nye hytter og bolighus. Saksbehandlingstida har auka, noko som i hovudsak skuldast reduksjon i tid til byggesak gjennom endra intern arbeidsfordeling for innsparing. Dette ga ei forventa oppgang i saks-behandlingstid, og saksbehandlingsfristen er oversittet i 17 saker. Snittet gir likevel ei saksbehandlingstid innanfor dei gitte fristane.

**Reguleringsplanar: Oppdatere og følgje vedteken framdriftsplan for plansaker. Melde frå fortløpande om endringar ut frå nødvendig fleksibilitet og prioritering**

Som forventa og innanfor mål. Arbeidet med kommuneplanen har krevd mykje ressursar, og har også bidratt til talet på nye reguleringsplanar er lågare i 2018 enn dei foregående åra. Det har vore få konflikter med regionale myndigheiter, og vi ser også ein markant nedgang i talet på dispensasjonssaker i høve til tidligare år. Dette kan truleg forklarast med at vi har ein ny arealdel til kommuneplanen.

**Personal, sjukefråvær: Involvere tilsette i prosessar for fokus på effektivitet, trivsel og faglege utfordringar**

Sjukefråværet er gledelig lågt for virksomheits-området. AN har engasjerte medarbeidarar. Utfordringa ligg i å oppretthalde nivået.

**Økonomi: Regnskap/budsjett: Jobbe innafør budsjett**

God kontroll og oversikt. Budsjettpost til næringsretta tiltaksarbeid utan fastsatte oppgåver blir nytta som tilskot til mindre uforutsette aktivitetar.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	10.198	11.720	11.238	481

Positivt avvik skuldast vakanse i samband med permisjon.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
9,4 %	2,3%	0,6%



Visionstegning av Vinstra sentrum.





Barhaug skole med velfortjent lunsj etter Joggedagen.



Kvam skole på lavotur til Kvamsfjellet.

# Skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Ein rektor og fem lærarar tek vidareutdanning på 30 studiepoeng eller meir.
- › Tilstandsrapport for oppvekst (skole og barnehage) vart teke til orientering i kommunestyret i oktober 2018.
- › Alle skolane og barnehagane i Nord-Fron vart med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» gjennom Utdanningsdirektoratet.
- › Skåbu oppvekst har hatt besøk av elevar frå London, og ungdomstrinnet i Skåbu har vore i London på skolebesøk.
- › Kommunestyret vedtok i desember 2018 å leggje ned ungdomssteg ved Skåbu oppvekst frå 1. august 2019.

## TENESTER OG OPPGÅVER

Tre barneskolar, ein ungdomsskole og eit oppvekstsenter.

### RESSURSTILDELING SKOLE

Modell for utrekning og tildeling av timar fastsett skolen sine samla ressursar ut frå elevtal i tillegg til ein fast tildeling for kvart skoleslag.

### SKOLEFRITIDSORDNING, SFO

Alle barneskolane hadde tilbod om SFO for elevane på 1.–4.årssteg. 1. og 2. klassingane hadde tilbod om heildags-SFO på onsdagar.

Dette tilbodet blir gjeve av ein skole for alle elevane i kommunen.

Det var tilbod om sommar SFO i fire veker sommaren 2018.



# Vinstra ungdomsskole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Vinstra ungdomsskole(VUS) har på Elevundersøkinga 2018 synt frå moderat til vesentleg forbetring på alle resultat. Det er ei forbetring på m.a. trivsel, meistring og læringskultur på skolens egne resultat.
- › Mobbetala på skolen gjekk ned frå 20,9 til 11,9 frå 2017 til 2018. Endå er dette alt for høgt, men vi har fokus på, og arbeider aktivt for å betre skolemiljøet.
- › VUS var ein av fleire aktørar i Nord-Fron som fekk haustens vonde hending tett på.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Verksemdsområde VUS består av 8.-10.trinn i grunnskulen for dei absolutt fleste ungdommane i Nord-Fron
- › VUS sin visjon er «Ein god stad å vere. Ein god stad å lære.». Alt vi gjer er for å oppretthalde eller forbetre elevane sin trivsel og læring. Hovedfokuset i 2018 har vore:
  - › Skolemiljø – klassemiljø, MOT-arbeid, relasjonell kompetanse
  - › Variert undervisning og vurdering
  - › Oppretthalde og utvikle vår digitale kompetanse.
  - › VUS ønskjer ei positiv utvikling av elevane si kompetanse slik at det og slår ut på dei nasjonale kartleggingsprøvene. Vi fokuserer mellom anna på lesing som grunnleggjande ferdigheit; alle faglærarar er «lese»-lærarar i sitt fag. Årets 9. klassekull syner ei markant forbetring i både lesing og skriving frå sine egne 8. trinnresultat.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

<b>Redusere antal elevar som blir mobba av medelevar eller vaksne 2–3 gonger i månaden eller meir</b>
2017: 20,9 % 2018: 11,9 %
<b>Betre utviklinga av egne resultat på nasjonale prøver i rekning og lesing frå 8. til 9. klasse (for årets 9. trinn), og score høgare enn landsgjennomsnittet</b>
Lesing på trinn 4–5: 28,8 % til 57,4 % av elevane (Nasj.: 31,2 til 46.1) Rekning på trinn 4–5: 38,7% til 66,1 % av elevane (Nasj.: 32,2 til 48)

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	22.037	23.734	23.434	299

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
3,7 %	2,8 %	8,5 %

VUS har sidan seinhausten 2017 hatt fleire langtidssjukemeldingar. Hovudårsakene til sjukmeldingane har vore slitasjeskader.

# Sødorp skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Våren 2018 avslutta Sødorp skole tilbodet om frivillig tysk for elevane i 7. klasse. Alle elevane, nokre foreldre og to lærarar pluss rektor, reiste til Berlin for å takke Hundsruck Grundschule for det gode samarbeidet gjennom mange år. Foreldra og elevane hadde jobba inn midler til å dekke alle utgifter knytt til elevane si reise og opphald.
- › Hausten 2018 fekk FAU og skolen på plass dei to gapahukane som VVS har bygd. Gapahukane ligg innanfor skolen sitt uteområde og vil også bli brukt av Toksebakken barnehage ein fast dag i veka.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Sødorp skole er ein fulldelt barneskole med i alt 158 elevar fordelt på 1.–7. klasse. Skolen har eigen avdeling for 1. klasse – kalla Kjernehuset. Det er også basen for SFO. SFO har tilbod til elevane om morgonen frå kl. 07.00 og om ettermiddagen etter skoletid fram til 16.30.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

<b>Trygt miljø</b>
Resultat på Elevundersøking 7. kl: 3,9 på trivsel.
<b>Godt læringsutbytte for elevane</b>
Resultatet på Nasjonal prøve i 5. klasse kunne vore betre.
<b>God overgang til u-trinnet</b>
Elevane på 8. trinn trivst på VUS.
<b>Aktivitetsplikt § 9a</b>
Det er utarbeidd eit skjema for varsling knytt til om ein elev ikkje har det trygt på skolen. Skjema om varsling fører til ein aktivitetsplikt for skolen og skolen utarbeider tiltak i kvar enkelt sak.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	14.354	14.859	15.204	-345

Avviket skuldast ekstra bemanning rundt elev med utforande atferd våren 2018. I tillegg hadde Sødorp skole ekstra store utgifter til vikarordning ved RIKT kursing, samt at fleire av medarbeidarane har hatt sjukefråvær.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
3,3 %	3,0 %	4,7 %

Sjukefråværet er knytt til langtidssjukemeldingar.

# Kvam skole

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Vi har «bodd oss til» i nye kontor og nytt møterom.
- › Elevtalet har gått opp frå 2017.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Kvam skole: Grunnskole 1.–7. klasse, leksehjelp og skolefritidsordning.

Skoleåra 2017/18 og 2018/19 er det digitaliseringsatsinga som har hatt fokus både i klasseromma og samband med kompetanseheving for lærarane.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

<b>Elevundersøkinga</b>
Resultata er generelt gode, nokre område går litt fram, andre litt tilbake. Spesielt gledeleg i år er at skolen skårer svært bra på spørsmål om mobbing/plaging.
<b>§9a – trygt skolemiljø</b>
Skolen har hatt fleire saker. Vi jobbar saman med foreldre for å sette i verk tiltak som er gode for den einskilde elev.
<b>Digitalisering</b>
Alle brukar iPad i ulike fag og vi har gjort erfaringar og delt erfaringar i høve til kva som fungerer og kva som ikkje er så lurt.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	9 690	10.129	10.013	115

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
0,5 %	1,3 %	5,6 %

Vi har ei langtidssjukemelding som er årsak til auka. På eit lite virksomheitsområde gir det store utslag i prosent.

# Barhaug skole

**VISJON:** Trivsel og læring for alle

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Totalrenovering av personalrom med svært tilfredsstillande resultat. Gjer arbeidsplassen trivelegare for tilsette.
- › Auke i elevtal i løpet av 2018 p.g.a. tilflytting.
- › Tragisk hending i nærmiljøet der tilsett vart hardt råka gav oss alle store utfordringar.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Visjonen vår – trivsel og læring for alle – forpliktar.
- › Vi skal drive ein god skole og ha ei god skolefritidsordning der alle finn seg godt til rette slik at dei kan utvikle seg positivt.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

<b>Mobbefritt og god trivsel blant elevane</b>
Kontinuerleg jobbing med skolemiljøet og aktiv oppfølging i samsvar med §9A i Opplæringslova gjer at vi har bra kontroll på dette.
<b>God trivsel blant tilsette</b>
Medarbeidersamtaler syner bra resultat, men vi ser at ein må jobbe kontinuerleg med arbeidsmiljøet.
<b>God motivasjon for læring</b>
Vi har noe å gå på her. Fokuserer nå på meir varierte og praktiske arbeidsformer for å auke motivasjonen.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	13.258	14.000	13.834	166

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
3,9 %	4,4 %	7,3 %

Vi hadde sett eit mål på 5%. Det greidde vi ikkje. Langtidssjukemelding(ar) dreg opp prosenten.

# Skåbu oppvekst

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › I 2018 gjennomførte Skåbu oppvekst – i samarbeid med Skåbu Fjellhotell – to veker med besøk frå England
- › Vi fekk støtte frå Erasmus+ til internasjonaliseringsprosjektet i ungdomsskolen, med totalt 573.420 kroner over to år.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Skåbu oppvekst omfattar barnehage, SFO og barne- og ungdomsskule.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

<b>Innføring av iPad 1:1</b>
Første året vart evaluert juni, med gode attendemeldingar.
<b>Utvide besøksvekene</b>
Vi hadde besøk frå dei engelske skolane Thomas Tallis, London, og Christ the King, Isle of Wight.
<b>Etablere kontakt med skolar i Danmark, for internasjonalt samarbeid med tre land</b>
Under arbeid.
<b>Implementere rammeplanen</b>
Ny rammeplan vart med i redigert årsplan for 2018–2020.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	8.706	9.878	9.151	726

Mindreforbruk på 7,76 % skuldast mest omorganisering av mellomtrinn og ungdomstrinn frå 2016, auka inntekter frå prosjektmidlar, refusjon av sjukeløn og noko mindreforbruk på barnehage, SFO og skoleskyss.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
4,7 %	9,5 %	8,9 %

Med få tilsette gjer nokre få langtidssjukefråvær store utslag i prosent. Vi følgjer rutine for sjukefråværsoppfølging for om mogleg få folk raskare attende på jobb.



# Fellesområde barnehage; TOKSEBAKKEN, RUSTE OG KVAM BARNEHAGE

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Auka pedagognorm gjeldande frå 1. august 2018.
- › Oppstart med å planleggje kompetanseutvikling innan *Inkluderende barnehage- og skolemiljø*. Vi er med i pulje 3 i regi av Utdanningsdirektoratet.
- › Regional kompetanseutvikling i 3K der vi har starta opp eit langsiktig samarbeid med Høgskolen i Innlandet, der leining er hovedtema.
- › Det er utarbeidd *Plan- og styringsdokument* for skole og barnehage.
- › Svømmemidlar frå Fylkesmannen til dei barna som er født i 2013, for å gjennomføre tiltak for å gje barn i barnehage tilstrekkeleg svømmeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Fellesområde barnehage tilbyr barnehageplassar for barn frå 0–6 år i Vinstra-området og Kvam.
- › Utvida rett til barnehageplass.
- › Det er innført to hovudopptak med oppstart i august og januar.
- › Prosjektarbeid som arbeidsmåte med fokus på prosessen, styrke arbeidet med planlegging og vurdering.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### **Barnehagane i Nord-Fron skal ha eit psykososialt miljø slik at barna opplev trivsel gjennom vennskap og tilhørighet**

Barnehagane har arbeidd mykje med relasjonar, og attendemeldingskultur. Det er viktig å ha god attendemeldingskultur for å få gode relasjonar.

### **Alle barn skal oppleve glede og kjenne på mestring gjennom variert lek i et fellesskap med andre**

Dei vaksne er tett på barna i lek både ute og inne, og er opptekne av det barna er interesserte i. Barnehagane har hatt fokus på leikemiljø, der dei ser på kva lek dei legg til rette for og vidareutviklar leikemiljøet til barna.

### **Barnehagane i Nord-Fron skal ha kompetent personale som bruker dokumentasjon og refleksjon som viktige reiskap**

Vi har i samarbeid med Mona Nicolaysen arbeidd med systematisk arbeid for vurdering. Dette for å ha fokus på korleis vi dreg prosjektarbeid framover (prosessen) og ikkje fokus på tema.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	21.140	21.675	22.107	-432

Meirforbruk skuldast 2 inntak ved nyttår (2. hovudopptak), og vikarbruk på grunn av korttidsfråvær.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
11,1 %	13,7 %	19,1 %

Sjukefråværet skuldast mest langtidsfråvær, men også noko korttidsfråvær. Det blir kontinuerleg arbeidd med å redusere fråværet. Det er også sjukefråvær på grunn av forhold som barnehagene ikkje har påverknad på.





Skåbu oppvekst utforskar ulike økosystem i naturen.





Roger Slåstuen mottok kommunal kulturpris for 2018.

## Kultur

### VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Kulturprisen vart tildelt Roger Slåstuen.
- › Det er stor aktivitet på biblioteket der det i tillegg til vanleg drift er gjennomført 44 ulike arrangement med stor breidde og variasjon – 2.353 personar har besøkt desse arrangementa gjennom året (ei auke 32 prosent frå 2017).
- › Den årlege MOT-undersøkinga syner at Nord-Fron ligg over landsgjennomsnittet på alle punkt i spørsmål knytt til effekten og opplevinga av MOT.
- › Fron kulturskole arbeider kontinuerleg med implementering av rammeplan for kulturskolen «Mangfold og fordypning».
- › Politisk beslutning om interkommunal flyktningeteneste frå 1. januar 2019.

### OPPGÅVER OG TENESTER

Området kultur omfattar drift av bibliotek, kino, kulturbygg- og anlegg, samt musikk- og ungdomsarbeid (kommunalt/ interkommunalt og regionalt), busetting av flyktningar, vaksenopplæring for flyktningar og frivilligarbeid.

Området har eit godt samarbeid med det frivillige lag og organisasjonsliv og forvaltar ymse tilskotsordningar til desse.

### ARRANGEMENT I REGI AV KULTUROMRÅDET I 2018:

- › I tråd med nasjonale føringar om at biblioteket skal vera ein kulturarena og møteplass, har biblioteket i tillegg til utlån av bøker avvikla 44 arrangement. Dette er boklanseringar, konsertar, teater/dokketeater for barn, forfattarbesøk og foredrag. Det har vore arrangement både på dag- og kveldstid. I tillegg har det vore fire utstillingar, to for

vaksne og to for barn. Gjennom god variasjon i tema for arrangement ønskjer ein å appellere til flest mogleg. Totalt har 2.353 (ei auke på 32 % frå 2017) vore innom på biblioteket sine arrangement.

- › Fron kulturskole sitt tilbod er retta mot barn og unge frå seks til 19 år. Tilbodet har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne. Som del av dette øver elevene seg i å formidle kunst- og kulturuttrykk for publikum. Kulturskolen hadde stor utadretta aktivitet i 2018, med 28 eksterne elevoppdrag og 12 eigne framsyningar/konsertar/utstillingar.
- › Ung i midtdalen (UiM) har vore med og arrangert UKM Midtdalen, Statement Midtdalen og Kåja Camp. UiM, Vinstra ungdomsklubb og Ringebu ungdomshus har vore vertskap for frivillige ungdomsarbeidarar frå Tyskland, Frankrike og Italia. I tillegg har UiM koordinert ei ungdomsutveksling i Midt-Gudbrandsdalen. Her deltok ungdom frå Portugal, Italia og Norge.
- › Vinstra kino har i 2018 hatt 127 framsyningar med eit besøkstal på 7.410.
- › Vinstra ungdomsklubb har i tillegg til vanlege klubbkveldar arrangert Nattklubb, Halloween og juniorklubbkveldar. På Halloween hadde klubben besøksrekord med 135 ungdommar.
- › Ungdomsfestivalen Kåja Camp vart arrangert for niande gong i juni, som eit samarbeidsprosjekt mellom Vinstra ungdomsklubb, Nord-Fron ungdomsråd og Ung i Midtdalen. Det var 128 deltakarar frå heile Gudbrandsdalen
- › I tillegg til ordinær drift arrangerer Kvamstunet forskjellige bussturar med middag og kulturelle opplevingar.
- › Den kulturelle spaserstokken legg til rette for ymse kulturelle opplevingar, mellom anna tur til Lillehammer for å sjå «Bør Børson jr.».
- › I tillegg til å leggje til rette for frivillig innsats i kommunen arrangerer Frivilligsentralen forskjellige aktivitetar på Gammelbanken, slik som bridge, steinsliping, strikkekafe, og Torsdagsgruppa.
- › Kulturkvelden 2018 vart i år arrangert i januar 2019. Kvelden hadde eit variert program i tillegg til utdeling av kulturprisen. Same dagen vart det også arrangert Kultursamling for alle grunnskoleelevane i kommunen. Ein produksjon av og for elevane, med proff scene-, lyd- og lysrigg.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

**Vinstra kino skal gje eit breitt tilbod av kvalitativt godt film. Vinstra kino skal ha eit gjennomsnittsbesøk på min. 65 besøkande per film. Raskast mogleg visning av filmar etter Noregspremiere**

Gjennom månadlege programmeringsmøter har Vinstra kino sett opp filmar med stor sjangerbreidde ut ifrå aktuelle og tilgjengelege filmar. Dei aller fleste filmar vart synt premiere-helga, men ein ser også at ein med fordel kan setje opp nye filmar noko seinare for å nyte godt av nasjonal presse rundt filmar med mykje omtale.

Snittet er noko lågare (58) enn målalet – dette heng saman med eit høgare antal framsyningar enn tidlegare. Når ein allikevel kan syne til positivt resultat er lågare snitt mindre relevant.

**Vinstra ungdomsklubb skal vera eit ope og inkluderande tilbod til ungdom mellom 13 og 19 år, med eit snittbesøk på min. 35 per kveld, og med aktivitetar basert på ungdommen sine ønskje**

Klubben har vore ope for all ungdom. Sjølv om snittet er langt over målalet (75 ungdommar i snitt per kveld) er vi kjende med at ungdom som ikkje har ein etablert omgangskrets ikkje nyttar seg av klubbtilbodet i like stor grad.

**Nord-Fron kommune skal busette flyktningar etter administrative og politiske vedtak. I 2018 hadde vi eit politisk vedtak på busetting av 10 flyktningar**

Det er totalt busett 16 personer i 2018 (inkl. familieegjenforening).

**Styrke busette flyktningar sine moglegheiter for deltaking i arbeids-, skole- og samfunnsliv, og styrke deira økonomiske og sosiale tryggleik**

Alle flyktningane deltek i introduksjonsprogrammet i ei periode over 2–3 år. Mange har hatt språk-/arbeidspraksis. Men det er behov for fleire plassar.

**Legge til rette for at busette flyktningar kan delta på eksisterande aktivitetar som er i kommunen**

Samarbeid med Peer Gynt og Byfest om dugnadshjelp. Mange, spesielt barn, er med på diverse organiserte aktivitetar.

**Nord-Fron Frivilligsentral skal oppretthalde og utvikle eksisterande tiltak.**

Frivilligsentralen har utvikla nye tiltak i samråd dei frivillige og med samarbeidspartnarar innan helse og omsorg. I samarbeid med flyktningekontoret er det starta eit integreringstiltak kalla «Fronskompis».

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK R18-R17
NETTO UTGIFT	19.630	20.589	21.856	1.267

Driftsrekneskapan viser eit mindreforbruk i høve til budsjett på 1.267.000 kroner. Mindreforbruket heng saman med bibliotekdrift, tilskotsordningar, leigeinntekter og refusjon lønn. Saldo på flyktningfondet per 31. desember 2018 er 8.379.000 kroner.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
2,3 %	3,0 %	4,9 %

Sjuefråværet er høgare enn tidlegare, og skuldast i det vesentlege langtidssjukemeldingar.



# Forebyggande helsetenester

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Politisk beslutning om interkommunal ordning for barneverntjenesta frå og med 1. januar 2019, der barnevernet blir en del av interkommunal teneste saman med Sør-Fron og Ringebru barnevern. Namnet på ny teneste vart Midt-Gudbrandsdal barneverntjeneste med lokale i Ringebru kommune som blir vertskommune.
- › Politisk beslutning om interkommunal ordning for NAV Nord-Fron frå og med 1. januar 2019, der NAV Nord Fron blir ein del av interkommunal ordning med Sør-Fron og Ringebru. Namnet på ny teneste blir NAV Midt-Gudbrandsdal. Tenesta vil ha lokale i Nord-Fron kommune som blir vertskommune.
- › Nord-Fron kommune og Vinstra vidaregåande har fått prosjektmidlar gjennom program for folkehelsearbeid Oppland fylkeskommune.
- › Ny satsing innan helsestasjonstenesta, med tettare oppfølging på to års kontrollar , «På god vei» og fire årskontrollar, «Trygg og klar», i samarbeid med m.a. fysioterapitenesta og barnehagar.
- › Grunna auka etterspørsel etter hjelpemidlar har tenesteområdet for ei midlertidig periode måtte omprioritere midlar.
- › Stort fokus på og system innafor tenesteområdet generelt og spesielt inna tenesta rus og psykisk helse.
- › Frisklivssentral er eit veletablert tilbud med fokus på auka livskvalitet og meistring av kroniske plager. Tilbudet er stadig under utvikling og samarbeider med Sør-Fron og Ringebru om ulike kurs. Auka etterspørsel.
- › Samhandlingsreformen – endringar i oppgåver kombinert med sjukehusa sin aktivitetsstyrte praksis – tidlegare utskrivning – meir alvorlege og kompliserte tilstandar – høgare krav til kompetanse.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Området består i 2018 av helsestasjon og skolehelsetenesta, psykologteneste, legekantor og legetenesta, rus og psykisk helse, ergo- og fysioterapiteneste, NAV tenesta og konsulent for funksjonshemma.

### › Interkommunale ordningar

Virksomheitsområdet har deltatt i arbeidsgrupper for etablering av nye interkommunale ordningar innan barnevern og NAV kontor, begge frå 2019.

### › Nytt helsehus

Politisk vedtak om nytt helsehus for helsestasjon- og skolehelsetenesta og rus og psykisk helse ved Campus Vinstra.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### Målplan for tenester

Rus og psykisk helse, ergo- og fysioterapi og konsulent for funksjonshemma har utarbeidd eigne målplanar med resultatmål for året.

### Kompetanseplan

Rus og psykisk helse og ergo- og fysioterapitenesta har utarbeidd skisse for kompetansebehov.

### Veiledningsopplegg med KS konsulent

Som oppfølging av tilsyn har rus og psykisk helse gjennomført eit veiledningsopplegg med KS konsulent, med tre av fem samlingar.

### Brukarundersøking

Rus og psykisk helse og ergo- og fysioterapitenesta har gjennomført brukarundersøking. Resultat over landsgjennomsnittet i høve til tilfredsheit.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	44 150	45 150	45 348	-329

Meirforbruk skuldast høge sosialhjelpsutbetalinger og omsorgsstønader.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
5,5 %	5,3 %	3,6 %

Virksomheitsområdet består av fleire tenester og har alltid hatt sjukefråvær innafor akseptabel ramme. Sjukemeldingar blir som regel benytta etter samråd med lege og arbeidsgjevar.

# Heimetenester

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Avdeling Korttid / rehab. og heimesjukepleia utfører stadig fleire oppgåver / behandlingar som før berre vart gjort på sjukehus. Dette krev auka kompetanse og nok sjukepleiarar.
- › Personalet har tatt mange e-kurs for å høyne kompetansen på fleire områder.
- › Avdeling Korttid / rehab. har gitt fleire korttidsdøgn og avlastingsdøgn i 2018 enn tidlegare år.
- › Det er levert fleire middagsporsjonar til heimebuande i 2018 (5 940 porsjonar) enn tidlegare år.

## OPPGÅVER OG TENESTER

- › Område heimetenester gir praktisk bistand ( heimehjelp), heimesjukepleie, hjelp med å tilrettelegge og kjøre ut hjelpemiddel og tryggingssalarmer. Avdelinga gir korttidsopphald i institusjon. Korttidsopphald kan vera behandling etter sjukehusopphald, skade, behov for rehabilitering eller avlastingsopphald for pårørende. Det blir gitt legetjenester til pasientar som er på korttidsopphald.
- › Avdeling Korttid / rehab. og Heimesjukepleia har tatt imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset i 2018.
- › Det er stor auke i antall pasientar som treng tryggingssalarm og hjelpemiddel i heimen. Til tider har det blitt ventetid på å få montert hjelpemiddel. Dette er ein konsekvens av at det er fokus på at flest mogleg skal bu heime lengst mogleg.
- › Det har vore ustabil legedekning i avdeling Korttid / rehab. Fleire legar har slutta og det har vore brukt ulike vikarar.
- › Det har vore brukarundersøkingar i avdeling Heimesjukepleie og avdeling Korttid / rehabilitering. Det vart gitt gode tilbakemeldingar på arbeidet som blir gjort, men også tilbakemeldingar på det som avdelingane kan forbetre.
- › Det er orientert om brukarundersøkingane i heimetenesta i HOK 23. januar 2019.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

### **Gi meir informasjon om kreftsjukepleiarane sitt tilbod**

Det er lagt ut informasjon på legekontor og det har vore sak i Dølen. Etterspørselen har auka og ein ser nå at frikjøp av kreftsjukepleiarane gir ringvirkningar på dagleg drift i heimesjukepleia.

### **Medarbeidersamtale med alle tilsette**

Tilsette i heimesjukepleia har ikkje hatt medarbeidersamtaler i 2018.

### **Organisering av drifta innafor budsjetttramme**

Mål nådd.

### **Oppretthalde fagkompetanse i alle avdelingar**

Heimetenesta har tilsette med rett fagkompetanse i alle stillingar.

### **Alle ferdigutskrevne pasientar frå sjukehuset er tatt imot på utskrivingsdato**

Mål nådd.

## ØKONOMISK RESULTAT

TAL I 1000	R-17	B-18	R-18	AVVIK B18-R18
NETTO UTGIFT	32.132	35.764	34.935	828

### Mindreforbruk skuldast:

- › Tilsynslege Innsparing ca. 100 000 kroner på lønn pga. legar som har slutta / vakansar.
  - › Heimehjelp innsparing sjukevikar ca. 250 000 kroner. Det har ikkje vore sett inn vikar ved alt fravær.
  - › Innsparing på fastlønn heimehjelp ca. 400 000 kroner pga. vakansar / ikkje sett inn vikar.
  - › Heimesjukepleia har eit overforbruk på ca. 560 000 kroner.
- Totalt har avdeling Heimetenester eit mindreforbruk på 823 344 kroner.

## SJUKEFRÅVÆR

2016	2017	2018
6,4 %	9,8 %	9,1 %

Det er ikkje auke i sjukefråværet totalt fra 2017 til 2018. Målet for 2018 var eit sjukefråvær på 8,1 % Målet er derfor ikkje nådd. Sjukefråværet har auka siste åra. Størst reduksjon i sjukefråværet hadde avdeling heimehjelp frå 14,7 % i 2017 til 6,7 % i 2018. Heimesjukepleia hadde auke i fråværet frå 3,9 % i 2017 til 11 % i 2018. Avdeling Korttid / rehab. hadde ein reduksjon i fråværet frå 13,3 % i 2017 til 8,4 % i 2018

# Institusjonsomsorg

## VIKTIGE SAKER OG HENDINGAR

- › Ny kantine åpna i april 2018.
- › Institusjon har arrangert Grillfest, Countryfest, høstfest med Sundheims Venner, julebord og juletreffest for pasientar og bebuarar i omsorgsbolig.
- › Det har vært arrangert fleire konsertar i nye kantina.
- › Aktivitet og meistring arrangerer Bingo i Omsorgsboligar tilknytta Sundheim.
- › Rullatorfestival gjennomført i juni i tett samarbeid med frivillige og VVS som er «Livsgledeskole».
- › Vinstra Ungdomsskole besøkjer Langtidsavdelinga og Skjermet avdeling kvar veke i samband med valgfaget «Innsats for andre».
- › Institusjon har hatt glede av å ha god hjelp av Sundheimsgjengen gjennom heile året.
- › To tilsette har tatt fagbrev som Helsefagarbeidar.
- › Avd Øst og Vest er slått saman til ei Langtidsavdeling.
- › Eininga Forebyggjande helsearbeid for eldre er endra til Aktivitet og meistring.

## OPPGÅVER OG TENESTER

Institusjon består av langtidsavdeling, skjerma avdeling, institusjonskjøkken, kantine på kommunehuset, institusjonslege og dagtilbud. Antall sengeplassar totalt er 54, der avd. Øst, avd. Vest og Sundtunet har 18 senger kvar.

## MATOMBRINGING

I 2018 vart det kjørt ut ca 10.800 middager frå Sundheim, både til TFF og til heimebuande i kommunen. Det er ei auke på ca 300 i 2018.

## OMORGANISERING

Omorganisering har prega Institusjon i 2018. Avd Øst og Vest er slått saman til ei Langtidsavdeling. Ny turnus er utarbeidd og består av både vanleg turnus og turnus med langvakter. Avdelinga har redusert frå to til ein avdelingsleiar og mange tilsette har fått høgare stilling.

## AKTIVITETAR

Forebyggjande helsetenester har endra namn til Aktivitet og meistring. I tillegg til vanleg dagtilbud, har avdelinga også dagtilbud for heimebuande personar med demens. Det har også vore stort fokus på ulike aktivitetar både for pasientane i Institusjon og heimebuande.

## TURNUSARBEID

Det har pågått eit oppryddingsarbeid med ny turnus på Skjerma avdeling. Avdelinga har tidlegere hatt mange små stillingar og fleire ledige helgestillingar. Mange tilsette har fått auka opp stillingane sine. Turnusen er ein kombinasjon av vanlege vakter og nokre få tilsette som jobbar i langturnus.

## MÅL OG MÅLOPPNÅING 2018

